

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

## Oversending av høyring - Utkast til veileder i organisering

Vi viser til høyringsbrev av 31.1.2012.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har som hovudinntrykk at rettleiaren inneheld mange nyttige prinsipp og gode teoretiske tilnærmingar til val av organisasjonsform i statleg sektor. Vi ser det som nyttig å ha dette samla i eit dokument. Ein slik rettleiar vil utgjere eit rammeverk som er naturleg å hente fram ved organisering/omorganisering.

Vi har ikkje noko å utsetje på brukarvennlegheit. Dokumentet er lettlest og oversikteleg.

Vårt innspel til tema som kunne vore handsama meir inngåande er følgjande:

I pkt. 1.2 står det at: *”Innenfor de rammer som er gitt av Storting og regjering, kan statlige virksomheter i stor grad selv avgjøre hvordan de skal organisere seg internt. Veilederen vil derfor bare i begrenset grad ta opp spørsmål om det som typisk er intern organisering og arbeidsformer.”*


Vi kunne gjerne ønskt at rettleiaren gjekk noko meir inn på ovanfor nemnde område. Gjerne med ein del case frå korleis statlege verksemder har gjort det og erfaringar frå desse.

Frå 2005 har vi sjølv hatt teamorganisering. No komande haust skal vi gjennomføre evaluering med hjelp av ekstern konsulent. Vi kan for det første stadfeste at det var opp til oss sjølv å velje organisasjonsmodell. Vårt departementet vart godt orientert, men gjekk ikkje inn i prosessen.

Ei erfaring frå prosessen der vi omorganiserte frå tradisjonell linjeorganisering til team var at vi la ein del arbeid i å finne ut kva andre har gjort, - kva erfaringar andre har hatt med teamorganisering. Det var ikkje mange som hadde teamorganisert på den tida, og verksemdene vi snakka med hadde ein del ulikheiter med oss.

Vi hadde mykje debatt internt på for og mot teamorganisering versus linjeorganisering, roller som teamleiar versus roller som t.d. seksjonsleiar, arbeidsmåtar i team, korleis skjer beslutningstaking i team, er det team eller avdelingsleiar som tek beslutning osv. Om vi den gongen og no framover kunne ha nytta ein rettleiar som sa ein del omkring desse tema, samt ga oss ein del case på korleis andre har gjort det, så ville det utan tvil vore til stor nytte.

Vi ser at endring i tråd med innspelet vårt her vil kunne bety ei relativt stor utviding av innhaldet i rettleiaren, så det må bli ei vurdering av kva som er mogleg og hensiktsmessig. For vår del vil meir skildring av intern organisering ha nytteverdi.



Vi set likevel pris på den fridom verksemdene har til å velje løysing, så det er ikkje slik å forstå at vi ønskjer ein mal.

Med helsing

Berit Hovland  
fagdirektør

Stig Starheim  
økonomisjef

Kopi til:

Kulturdepartementet, Postboks 8030 Dep, 0030 OSLO